

**REGULERINGSFØRESEGNER VEDKOMMENDE REGULERINGSPLAN FOR
GRØNFJELLET I LINDAS KOMMUNE.**

I. INNLEIING

- Planframlegget er datert 23.04.1987.
- Kommunen har godkjent planen 1987.

Det regulerte området som er synt på planen er nytta til:

- Byggeområde for bustnad
- Offentlege trafikkområde
- Friområde
- Spesialområde
- Fellesområde

II. AREALBRUK

Føresegner som er knytta til paragraf 25 i bygningslova.

25.1 Byggeområde for bustnad.

- 1.1 Arealet skal byggjast ut med reine bustadhus med tilhørende garasjer og parkeringsplassar.
- 1.2 Som vist på planen skal arealet byggjast ut med frittliggende bustadhus.
- 1.3 Vertikaldelte bustader tillet ein på tomter som naturleg let seg dela i regulære parsellar.
- 1.4 Bustadene kan førast opp i 1 høgd med underetasje og loft.
- 1.5 Bygninga kan plasserast innafor dei regulerte byggelinene.
- 1.6 Kvar frittliggende einede bustad skal ha plass for minst 1 garasje og i tillegg til denne 1 biloppstillings plass på eigen grunn.
- 1.7 For grupper av bustader som vert førde opp under eitt, skal det utarbeidast ein felles plan for opparbeiding av terreng og fellesareal.
- 1.8 Det kan setjast opp gjerde på maks 80 cm i ein avstand av minst 0,5 m frå vegkant og mot tilstøytande utmark. Gjerde må ikkje setjast opp i frisiktssonene. Murar og gjerde skal vera minst mogeleg skjemmande. Eventuell markering av grense mot nabo skal helst førast med planting. Eventuelt gjerde skal ikkje vera høgare enn 80 cm.

I område mellom veg og gjerde eller frisiktline, skal planter og andre sikthindringar ikkje vera høgare enn 50 cm.

1.9 Bygningsrådet kan krevja at bygninga som høyrer saman i ei gruppe skal ha harmonerande fargesetting og takform og minst mogeleg skjemmende plassering av TV-antenner og tørkestativ.

25.3 Offentlege trafikkområde.

3.1 I område avsett til køyreveg skal desse byggjast med planerte bredder og stigningar som vist i planen.

25.4 Friområde.

4.1 Leikeplassar og friområde skal opparbeidast etter ein samla plan, godkjent av bygningsrådet.

25.6 Spesialområde.

6.1 I samsvar med planen skal spesialområdet nyttast til frisiktzone for veg.

III FELLESFØRESEGNER.

Eksisterande steingardar og tre innafor området skal bevarast best mogeleg.

Ved sida av desse reguleringsføresegnehene gjeld plan- og bygningslova, kommunen sine vedtekter til denne lova og departementet sine byggjeforskrifter.

Etter at desse føresegnehene er gjort gjeldande, er det ikkje høve til ved privat servitutt å oppretta tilhøve som strir mot føresegnehene.

Innafor råma av plan- og bygningslova, kommunen sine vedtekter til denne og departementet sine byggjeforskrifter, kan bygningsrådet gjera unntak frå desse føresegnehene i høve der særlige grunnar taler for det.